



HELSE VEST IKT AS

ÅRSREKNESKAP 2010



Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er leverandør av utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest. Helse Vest IKT AS skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysningar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.



HELSE VEST IKT AS

Jonas Lies vei 65
5021 BERGEN

Org.nr: 987 601 787

Telefon: 55 97 65 00
Telefaks: 55 97 65 50

E-post: postmottak@helse-vest-ikt.no

Nøkkeltal:

- 255 tilsette
- Omsetning i 2010 på 489 mill. kr.
- Kontor i Førde, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord
- Drift og forvaltning av 800 system med tilhøyrande infrastruktur.
- Leverer IKT-tenester til 25000 brukarar, 14.500 PC-ar på 140 lokasjonar



Innhold

Visjon og Forretningsidé	2
Styringsbodskap og mål	3
Organisasjonskart	4
Årsberetning	5
Resultatrekneskap 2010	8
Balanserekneskap 2010	9
Kontantstrømoppstilling 2010	11
Notar	12



Visjon og forretningsidé

Visjon

Helse Vest IKT AS har følgjande visjon:

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlninga.

Forretningsidé

Helse Vest IKT AS har følgjande forretningsidé:

- **Helse Vest IKT AS skal vere ein leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest RHF.**
- **Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærhet, bransjekunnskap og brei erfaring.**
- **Helse Vest IKT AS skal bidra til å forbetre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT-løysingar innført og forvalta i nær dialog med kundane.**
- **Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelig for kundane ved behov.**

Styringsbodskap og mål

Styringsbodskap


Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.


Overordna mål

Helse Vest IKT AS skal ha som overordna mål å:

- **Bidra til forenkla pasientbehandling gjennom ei samordning og integrasjon av system og løysningar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløp lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.**
- **Sørgje for einskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Kundeoppfølginga skal baserast på internasjonalt aksepterte rutinar og prosessar (ITIL) for IKT tenester.**
- **Sørgje for stabil drift, forvalte og vidareutvikle IKT-systema og -tenestene til kunden effektivt, slik at kunden vil bruke desse til å forbetre og effektivisere sine tenester til pasienten.**
- **Sørgje for å redusere ressursbruken ved å standardisere og forbetre desktop (utstyr og tenester) og infrastruktur, ved å samordne og forenkle systemarkitektur og systemportefølje og ved å utveksle og gjenbruke erfaringar og innføringskompetanse.**
- **Utvikle, marknadsføre og presentere nye løysningar som kan effektivisere prosessar i helseføretaka. Helse Vest IKT AS skal være proaktive med tanke på å bruke nye teknologiar og løysningar.**
- **Sørgje for å utnytte summen av tilsette i regionen til å auke breidda i kompetansen, auke individuell spisskompetanse og redusere sårbarheita gjennom overlappende kompetanse.**

Organisasjonskart





Årsberetning

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Selskapet er etablert med hovudkontor i Bergen kommune, og med kontor i Stavanger, Haugesund, Førde, Stord, Odda og Voss.

Helse Vest IKT AS har identifisert fylgjande områder som særleg måtte prioriterast i 2010; Gjennomføring av tiltak knytt til IKT-sikkerheit, meir oppdatert konfigurasjonsdatabase og "neste generasjon PC-plattform". Helse Vest IKT AS har hatt god erfaring med slik overordna prioritering av oppgåver som gjelde heile organisasjonen.

Seksjon **Kundetenester** har ansvaret for all handtering av brukarhjelp via telefon og epost, administrering av tilgangar til IKT-systema, service på levert utstyr og sal og leveranse av nytt IKT-utstyr. I 2010 mottok Kundesenteret 110.303 telefonsamtalar. Av desse vart 96.428 svara på. I tillegg handterte ein 99.250 e-postar og 7.873 web-meldingar. I tenesteavtalen med helseføretaka er det avtalt at Kundesenteret skal svare minst 80% av telefonane innan 2 minutt (servicegrad). For 2010 samla sett, blei 81,5% av alle innkomande telefonsamtalar svara på innan 2 minutt og gjennomsnittleg svartid for året vart 1 minutt og 9 sekundar.

Talet på rapporterte service- og leveranseoppdrag i 2010 var 17 433. Dette er ei lita nedgong i høve til toppåret 2009, der ein hamna på 18 491 oppdrag. Nye nasjonale rammeavtaler for kjøp av IKT-utstyr vart inngått i 2010 ved eit samarbeid mellom dei 4 RHF-a og HINAS. Kombinert med aktiv bruk av mini-konkurransar har dette gitt helseføretaka betre prisar på PC-ar og skjermar. Sum sal til alle kundar i 2010 var kr 27 071 371,-.

Seksjon **Driftstenester** har ansvaret for drift og forvaltning av all IKT-relatert infrastruktur i Helse Vest. Seksjon Driftstenester har gjennom 2010 vidareført fokus på utvikling mot meir effektiv drift ved utstrakt bruk av virtualisering. I dette arbeidet er også virtualisering teke i bruk innanfor lagringsområdet. Dermed har det vore mogeleg å redusere veksten i talet fysiske serverar.

Seksjonen har hatt ein systematisk gjennomgang av infrastrukturen og basert på dette oppdatert dokumentasjonen av denne. Dette har gitt som resultat eit klarare fokus på *proaktiv* drift. Arbeidet med neste generasjons PC plattform har og vore eit viktig fokusområde. Arbeidet som har vore utført av seksjon Driftstenester har vore teknisk kravspesifikasjon, design, test og arbeid med anbodsdokumentasjon.

Seksjon **Systemforvaltning** har ansvar for forvaltninga av systemporteføljen for helseføretaka, i dette inngår; handtering av feil, integrasjonar mellom system, forbetringar, nye versjonar, spesifisering av sikkerhetskopiering, endringsstyring, kontakt med leverandør og meir. Seksjonen har ved utgangen av 2010 ansvaret for 726 produksjonssystem for helseføretaka og 114 test og kurssystem.


Seksjonen lukka 8 % fleire saker i 2010 samanlikna med året før. Da blei samstundes levert vel 20.000 prosjekttimar frå seksjonen, noko som er ein auke på ca. 34 % frå 2009. Dei fleste prosjekttimane er gått til programmet Felles EPJ. Mange av sakane som er løyst gjennom året, er og relatert til Felles EPJ. For seksjonen har innføringa av DIPS i Helse Bergen vore ei omfattande oppgåve.

Seksjon **Prosjekt/utvikling** omfattar ei gruppe med prosjektleiingar og ei gruppe med utviklarar som har ansvar for systemutvikling og systemintegrasjon, og frå 01.07.2010 ei gruppe med systemarkitektar. Arkitektgruppa vart etablert for å gjere Helse Vest IKT AS betre i stand til å få definert og etablert ein robust IKT-arkitektur som støtter opp om dei store samordnings- og samhandlingsprosjekta, samt å kunne møte den høge endringstakten i bruk av IKT i helsesektoren på ein best mogeleg måte. Tilsette i seksjonen har leia og delteke i ei rekkje program og prosjekt saman med helseføretaka. Gjennom desse prosjekta er nye system anskaffa, utvikla/oppgradert og innført.

Felles EPJ

Programmet Felles EPJ er vidareført i 2010. Helse Stavanger var fyrste helseføretak i Helse Vest som tok i bruk den regionale EPJ løysningen (felles EPJ) basert på DIPS i november 2008 (fase 1). Gjennom 2009 og 2010 er fase 2 av prosjektet i Helse Stavanger vidareført. Den største oppgåva var innføring av Felles EPJ i Helse Bergen 26.04.2010 (fase 1). Innføringa av DIPS for Helse Bergen vart gjennomført i tråd med avtalt tid, kost og kvalitet. Erfaringane i etterkant har vist at dette er veldig krevjande prosjekt å gjennomføre. For brukarane av EPJ i helseføretaket gav bytte av system ei mengd utfordringar knytt til opplæring, endringar i rutinar, endringar i arbeidsfordeling, nye rutinar, etc. Helse Bergen har tatt ansvaret for den samla organisatoriske utfordringa slike systemskifte er. Samarbeidet med Helse Bergen har vore godt ved gjennomføringa av dette store prosjektet.

Felles EPJ har i 2010 og lagt planar for innføring av DIPS (fase 1) i Helse Førde og Helse Fonna i 2011. Erfaringa er at god planlegging er ein føresetnad for å kunne lukkast med slike innføringsprosjekt. I tillegg vil det gjennomførast fase 2 aktivitetar i alle helseføretaka i 2011.



Årsberetning

Meldingsløftet

Helse Vest byrja tidleg med teknisk tilrettelegging av legekontor og utveksling av meldingar på ny plattform mellom legekontor og helseføretak. Dette har gitt verdifull erfaring både til regionen og i nasjonalt samanheng. Gjennomføring av Meldingsløftet har likevel teke tid og viser at organisasjonsendringar og teknisk samspel er utfordrande på tvers av organisasjonsgrensar. Arbeidet med ny plattform vart fyrst initiert i Sogn og Fjordane, med oppstart i 2007. Likevel er det ved utgangen av 2010 framleis berre tredjedelen (15 av ca. 35) av samhandlingspartane som er på ny plattform (resterande sender på gammal plattform). I Hordaland er 44 av ca. 340 samhandlingspartar tilrettelagt og i Rogaland er 50 av ca. 200 samhandlingspartar tilrettelagt.

Internkontroll

Helse Vest IKT AS har gjennom 2010 arbeid vidare med etablering av gode rutinar for internkontroll. Administrasjonen er av det syn at internkontrollen er tilfredsstillande, men at det framleis er områder som det må arbeidast meir med for å få fullgode løysingar for den daglege handteringa internt i Helse Vest IKT AS. Administrasjonen har initiert eit eige prosjektarbeid for betring innanfor området innkjøp og forvaltning av kontraktar.

Helse Vest IKT AS er nøgd med utviklinga innanfor økonomi og rekneskap. Revisor gav ved gjennomgang av årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2009 i april 2010 fylgjande tilbakemelding; "Vi har tidligere år påpekt at det er rom for betydelige forbedringar i de økonomiske rutinene hos selskapet. Vi har imidlertid i løpet av dette året vurdert den interne kontrollen til å ha bedret seg, og kan dermed si at internkontroll rundt regnskapsavleggelse, økonomi og lønn er tilfredsstillende i 2009."

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2010 var eit overskot på 8,8 mill kr. Av dette skuldast 4,7 mill. kr endra utrekning av pensjonsforplikting grunna pensjonsreforma. Dei totale inntektene var 489,1 mill. kr. Av desse var 411,8 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 27,1 mill. kr sal av IKT-utstyr, 28,3 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 21,9 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til styringsgruppa for Nasjonal IKT).

Totalt driftskostnader var 473,5 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 26,9 mill. kr, personalkostnader 116,4 mill. kr, avskrivningar 78,7 mill. kr og andre driftskostnader 251,5 mill. kr (her inngår og kostnader i samband med Nasjonal IKT med same beløp som på inntektssida). Med netto finanskostnader på 6,8 mill. kr gjev dette årsresultatet på 8,8 mill. kr.

Rekneskapa for 2010 viser at det er henta ut samordningsgevinstar i storleik 10 mill. kr.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2010 var 637,1 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 76,1% av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 164,5 mill. kr og utgjorde dermed 25,8%. Nedgangen i soliditet held dermed fram og skuldast det høge investeringsnivået. Likviditetsbeholdninga var ved årsskiftet 67,2 mill. kr og er tilfredsstillande.

Finansiell stilling

Den gode likviditetssituasjonen skuldast ma at ein ligg etter med dei store investeringsprogramma, slik at utbetalingane her kjem på seinare tidspunkt. Den skuldast og i noko grad at ein har restlikviditet i høve Nasjonal IKT, dvs. ein har henta inn meir likviditet frå regionane enn det som har vore naudsynt etter aktiviteten. Med den kraftige auken i gjeld knytt til det store investeringsprogrammet, er eigenkapitalprosenten i ferd med å bli svært låg. Ei medverkande årsak er og lang avskrivningstid (10 år) for EPJ programmet og for MOT applikasjonane. Etter kvart som EPJ programmet vert avslutta må ein vente at investeringsnivået vil gå ned mot eit nivå der Helse Vest IKT AS er meir sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar, slik at ein kan nedbetale gjeld og auke soliditeten.

Om miljø

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT AS var i 2010 på 4,4 %, mot 4,7 % i 2009, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2010 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1.000.000 fordelt på 2.000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

Likestilling

43% av dei eigarvalde styreprerentantane er kvinner. Frå 10.11.2010 er dette redusert til 29%. Generalforsamlinga er innforstått med at den endringa som vart gjennomført av styret for ei tid framover vil gje som konsekvens at kjønnsfordelinga i styret ikkje er i tråd med dei føringane som er gitt frå politisk hald. Dette vil bli korrigert så snart det er identifisert ny eigna kandidat til styreverv i selskapet.

29% av leiinga (inkl. stabsleiarar) var i 2010 kvinner, 50% av seksjonsleiarane var i 2010 kvinner. 15.11.2010 slutta ein av seksjonsleiarane, frå denne dato var 25% av seksjonsleiarane kvinner.

Diskriminering

Helse Vest IKT skal så langt som råd avspegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2010 var eit overskot på kr 8 810 429,-. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.



Årsberetning

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategiske partner innen IKT for heile helseføretaks-gruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleg-gande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT AS er at *Tenesteavtalen* med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT AS skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen frå Prosjektporteføljekontoret.

For 2011 har Helse Vest IKT AS i tillegg sett fokus på fylgjande områder; Oppretthalde det gode arbeidsmiljøet, for å halde på arbeidstakarar og evne å rekruttere nye. Betre kundesamhandling ved auka kundefokus i alle ledd i organisasjonen. Etablere overvaking av relevante teknologiar, system og integrasjonar for å vidareutvikle Helse Vest IKT AS frå reaktiv til proaktiv handtering av drifta. Gjennomføre revisjon av endringsprosessen og vurdere å trekke ut relevante element til ei ny

produksjonssettings-prosess. Dette for å sikre en tydelig og god overgang mellom prosjektfasen og forvaltningsfasen både i Helse Vest IKT AS og for helseføretaka. Helse Vest IKT AS skal måle og dokumentere gradar av kvalitet og kosteffektivitet for utvalde aktivitetar og i løpet av 2011 bruke dette i ei samanlikning med ei eller fleire samanliknbare verksemdar.

Det er viktig å gje tydelege signal til tilsette og kundar om prioriterte områder. Dette for å sikre eit felles fokus i heile selskapet om retninga for det vidare arbeidet.

2010 var eit godt arbeidsår for Helse Vest IKT AS. Arbeidet gjennom året gav viktige resultat til beste for bruken av IKT i helseføretaka. Arbeidet har vore basert på god lagånd, stor vilje til felles innsats og godt samarbeid med helseføretaka.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom eit spennande år.

Bergen, 23. mars 2011

 Herlof Nilssen Styreleiar	 Kari Ugland Styremedlem	 Eivind Gjerdal Styremedlem
 Bård Lilleeng Styremedlem	 Stener Kvinnsland Styremedlem	 Per Karlsen Styremedlem
 Torghy Neuman Styremedlem	 Berit Rane Styremedlem	 Nina Elisabeth Eltvik Styremedlem
 Tove Hovland Styremedlem	 Svend B. Jacobsen Styremedlem	 Erik M. Hansen Administrerende direktør

Resultatrekneskap 2010

Alle tal i 1000 NOK

	Note	2010	2009
Annan driftsinntekt	2	489 098	457 251
Sum driftsinntekter		489 098	457 251
Varekostnad		26 946	28 722
Lønn og andre personalkostnader	3	116 373	103 808
Ordinære avskrivningar	6	78 683	73 532
Andre driftskostnader	4	251 517	243 036
Sum driftskostnader		473 519	449 098
Resultat frå drifta		15 579	8 153
Finansinntekter	5	897	801
Finanskostnader	5	7 665	4 540
Netto finansposter		-6 769	-3 739
Resultat før ekstraordinære poster		8 810	4 414
Resultat i perioden		8 810	4 414
Overført frå/til annan eigenkapital	10	8 810	4 414
Sum overføringar		8 810	4 414

Balanserekneskap 2010

Alle tal i 1000 NOK

EIGEDLER	Note	2010	2009
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Programvarelisensar	6	290 310	128 403
Prosjekt under utvikling	6	105 992	162 571
Sum immaterielle egedelar		396 302	290 974
Varige driftsmidler			
IKT-utstyr, inv. transp.m. o.l	6	79 165	79 318
Anlegg under utføring	6	9 026	13 191
Varige driftsmidler		88 191	92 508
Finansielle anleggsmidler		643	484
Andre finansielle anleggsmidler		643	484
Sum anleggsmidler		485 136	383 965
Omlaupsmidler			
Varer	7	5 428	3 504
Krav	8,14	79 338	81 485
Bankinnskot, kontantar og liknande	9	67 206	45 824
Sum omlaupsmidler		151 972	130 813
SUM EIGEDLAR		637 107	514 778

Balanserekneskap 2010


Alle tal i 1000 NOK

EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2010	2009
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	10	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	10	150 319	150 319
Sum innskoten eigenkapital		151 319	151 319
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	10	13 164	4 354
Sum opptent eigenkapital		13 164	4 354
Sum eigenkapital		164 483	155 672
Gjeld			
Avsetjinger for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	11	21 581	22 978
Sum avsetjinger for forpliktingar		21 581	22 978
Annan langsiktig gjeld			
Langs. gjeld til føretak i samme konsern	14	336 637	234 446
Sum langsiktig gjeld		336 637	234 446
Skuldige offentlege avgiftar		8 835	7 223
Anna kortsiktig gjeld	13, 14	105 571	94 459
Sum kortsiktig gjeld		114 406	101 682
Sum gjeld		472 624	359 106
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		637 107	514 778


Bergen, 23. mars 2011


Herlof Nilssen
Styreleiar



Kari Ugland
Styremedlem


Eivind Gjemdal
Styremedlem


Bård Lilleeng
Styremedlem



Stener Kvinnsland
Styremedlem



Per Karlsen
Styremedlem



Torgny Neuman
Styremedlem


Berit Rane
Styremedlem


Nina Elisabeth Eltvik
Styremedlem


Tove Hovland
Styremedlem


Svend B. Jacobsen
Styremedlem


Erik M. Hansen
Administrerende direktør

Kontantstrømoppstilling 2010

Alle tal i 1000 NOK

	2010	2009
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktiviteter:		
Årsresultat	8 810	4 414
Ordinære avskrivningar	78 683	73 532
Skilnad kostn.pensj-inn/utbetalinger	-1 396	3 075
Andre resultatpostar utan kontanteffekt	-500	-
Endring i omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld	12 947	5 849
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter	98 544	86 869
Kontantstrøm frå investeringsaktiviteter:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-179 694	-180 624
Inn-/utbetalinger ved sal/kjøp av fin.anl.m	-159	-144
Netto kontantstrøm frå investeringsaktiviteter	-179 853	-180 768
Kontantstrømmar frå finansieringsaktiviteter:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	105 000	127 500
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter	102 691	125 191
Netto endring i likviditet	21 382	31 292
Likvide midlar 01.01	45 824	14 532
Likvide midlar 31.12	67 206	45 824

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Etablering av føretaket

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tid vart anleggsmiddel og forplikningar overført til selskapet som tingsinnskot.

Verdsetjing

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Resultatet var i 2007 korrigert med verknaden av innskjerpa økonomiske føresetnader på pensjon som først fekk konsekvens for rekneskapaen i 2006 og 2007. For 2008 var deler av den auka pensjonskostnaden kompensert. Resultatet for 2008 var korrigert for auka pensjonskostnad utover det som er kompensert frå staten. Stortinget vedtok "Lov om endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser og i enkelte andre lover (oppfølging av avtale om tjenestepensjon og AFP i offentlig sektor i tariffoppgjøret 2009)" den 25. juni 2010. Resultatkravet for 2010 blei endra som følgje av dette. Helse Vest IKT AS fekk etter dette eit auka resultatkrav på kr 4 730 000 som skal gå mot tidlegare udekkta meirkostnader på pensjon.

Generelt om rekneskapaen

Rekneskapaen for 2010 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapaen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og note-opplysingar. Rekneskapaen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillings-prinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeidinga av rekneskapaen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdi av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedrørande forplikningar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimat.

Konsolidering

Helse Vest IKT AS går inn i konsernregnskapaen til Helse Vest RHF og eig ikkje egne aksjar.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffings-tidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lågaste av kostnad ved kjøp og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmidlar blir vurdert til kostnad ved kjøp, men blir nedskrive til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner pr 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Sal av tenester til helseføretaka og til eksterne kundar, sal av IKT-utstyr

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsført når dei er utførte.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gje framtidige inntekter/bruksverdi for helseføretaket er aktivert.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare blir aktivert og avskrive over økonomisk levetid.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir ført i balansen til historisk anskaffingskost fråtrekt akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ein økonomisk levetid på over tre år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller forbetringar blir lagt til driftsmiddelets kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar kostnadsføres etter kvart som de kjem på. Renter som knyt seg til anlegg under oppføring blir aktivert som ein del av kostprisen.

Ved sal av anleggsmidlar blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Avskrivingar

Ordinære avskrivingar er berekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarende prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle egedelar. Avskrivingane er klassifisert som driftskostnader.

Nedskriving

Nedskrivingar av varige driftsmidlar og immaterielle egedelar blir vurdert når det ligg føre indikasjonar på verdifall for egedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skrive ned til verdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarende nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP blir kostprinsippet nytta. Det vil seie at det normalt berre er inn og utbetalingar som påverka størrelsen på innskottet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffingskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Det blir føreteke nedskriving for pårekleleg ukurans i samsvar med god rekneskapskikk.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til pårekna tap. Avsetjing til tap kjem fram etter ein konkret vurdering av enkeltfordringar og av fordringsmassen som heile.

Pensjoner

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir berekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjoner og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmiddel samt aktuarmessige føresetnadar om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmiddel er vurdert til verkeleg verdi og trekt frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Endringar i forpliktinga som har skuld i endringar i pensjonsplanar blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som har skuld i endringar i og avvik frå føresetnadene for berekningane (estimatendringar) blir delt over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved årets byrjing overstig 10 % av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad fråtrekt estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Pensjonsberekningane er inkludert arbeidsgjevaravgift.

Arbeidstakarane sin del av pensjonspremien er fråtrekt i lønnskostnadene.

Stortinget vedtok "Lov om endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser og i enkelte andre lover (oppfølging av avtale om tjenestepensjon og AFP i offentlig sektor i tariffoppgjøret 2009)" den 25. juni 2010. Det er særlig to høve i desse endringane som påverkar nivået på de berekna pensjonskostnadene for 2010: 1) Lågare regulering av alderspensjon, frå G-regulering tidlegare til regulering svarande til «G – 0,75 pst.», og 2) effekten av justering av levealder for årskulla 1953 og tidlegare som følgje av auka levealder. Effektane for seinare årskull av levealdersjustering mb. vil bli vurdert seinare. Norsk regnskapsstiftelse har i sin uttale lagt til grunn at den verknaden på rekneskapa skal takast når hendinga har skjedd, det vil seie når endringane er vedteke. Det er derfor teke omsyn til dei vedtekte planendringane i rekneskapa for 2010 med den konsekvens at pensjonskostnadane for Helse Vest IKT AS blei redusert frå 17,2 millionar kroner til 10,8 millionar kroner. Ein reduksjon på 6,4 millionar kroner.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjør og verdien kan estimerast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Skatt

Helse Vest IKT AS er friteke for skatt av di ein leverer varer og tenester til kostpris utan fortjeneste.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i føretakets årsresultat for å kunne presentera kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare års rekneskap blir ført direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Notar
Note 2 Salsinntekter

	2010	2009
Tenestosal helseføretaka	411 773	375 613
IKT-utstyr	27 071	28 963
Tenestosal eksterne	28 303	20 723
Anna *)	21 950	31 952
Sum	489 098	457 251

*) I posten Anna inngår hovudsakleg inntekter frå Nasjonal IKT. Tilsvarende kostnader til Nasjonal IKT er teke med under Andre driftskostnader i Note 4.

Note 3 Løn og andre personalkostnader

	2010	2009
Lønnskostnader Helse Vest IKT AS		
Lønnskostnader	102 369	83 853
Arbeidsgjevaravgift	14 361	12 372
Pensjonskostnader	10 901	13 732
Andre ytingar (herunder aktiverte eigne timar)	-11 259	-6 149
Sum lønn og personalkostnader	116 372	103 808

Lønn dagleg leiar, godtgjersle og honorar

Lønn dagleg leiar	1 038	998
Pensjonskostnader dagleg leiar	22	230
Anna godtgjersle daglig leiar	32	48
Sum lønn dagleg leiar	1 092	1 276

Styregodtgjersle og honorar styreleiar

Styregodtgjersle	78	75
Herav honorar til styreleiar	0	0

Revisjonshonorar (inkl. mva)

Revisjon etter lova	190	263
Utvida revisjon	0	0
Andre oppgåver vedkommande attestasjonar	0	0
Rådgjeving vedkommande skattar og avg.	0	0
Andre tenester utanfor revisjon *)	0	12
Sum honorarer til revisor	190	275

*) Konsultasjonar vedk. rekneskapsprinsipp med mer

Antall tilsette og årsverk

Gjennomsnittleg antall tilsette i rekneskapsåret	255	202
Tal på årsverk pr 31.12	247	220

Dagleg leiar har 6 månaders oppseiingstid. Det er ikkje gitt lån eller stilt tryggleik til dagleg leiar, styre-medlem eller andre leiande tilsette. Dagleg leiar har ikkje avtale om bonus eller etterlønn.

Notar

Note 4 Andre driftskostnader

	2010	2009
Transportkostnader	171	227
Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	12 511	9 475
Leige MTU, maskiner, inventar og liknande	1 588	2 491
Reparasjon, vedlikehold og service	10 269	7 825
Ekstern teneste	66 294	57 915
Reisekostnader	3 529	3 413
Andre driftskostnader	157 155	161 691
Sum andre driftskostnader	251 517	243 036

Note 5 Finansposter

	2010	2009
Andre renteinntekter	863	657
Andre finansinntekter	34	143
Sum finansinntekter	897	801
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	7 563	4 290
Andre rentekostnader	47	212
Andre finanskostnader	55	37
Sum finanskostnader	7 665	4 540

Note 6 Immaterielle egedelar og varige driftsmidler

	Anlegg under utføring	Prosjekt under utvikling	Transport-middel, inventar og utstyr	IKT - utstyr	Programvare	Sum
Anskaffingskost 01.01.2010	13 191	162 570	44	275 723	374 504	826 033
Tilgang 2010	-4 164	-56 579	0	33 854	206 583	179 694
Avgang 2010	0	0	0	0	0	0
Anskaffingskost 31.12.2010	9 026	105 991	44	309 577	581 088	1 005 727
Akkumulerte avskrivninger 1.1	0	0	33	196 417	246 101	442 551
Endring Akk. Avskrivninger pga. Avgang 1)	0	0	0	0	0	0
Årets avskrivningar	0	0	11	33 996	44 676	78 683
Akkum. avskrivningar 31.12.2010	0	0	44	230 413	290 777	521 234
Balanseført verdi 01.01.2010	13 191	162 570	11	79 307	128 403	383 482
Balanseført verdi 31.12.2010	9 026	105 991	0	79 165	290 310	484 493
Avskrivningsplan			Linær	Linær	Linær	
Økonomisk levetid			10 år	3-5 år	5 - 10 år	

Note 7 Varelager

	2010	2009
Varer for videresalg		
Ferdigvarer	5 428	3 504
Sum varelager	5 428	3 504

Note 8 Andre kortsiktige krav

	2010	2009
Krav til selskap i samme føretaksgruppe	21 572	33 297
Krav til andre kunder	29 938	24 544
Sum kundekrav	51 510	57 841
Forskottsbetaling til leverandører	27 205	23 279
Andre kortsiktige krav	623	365
Sum andre kortsiktige krav	27 828	23 644
Sum kortsiktige krav	79 338	81 485

Note 9 Kontantar og bankinnskott

	2010	2009
Skattetrekksmidler	4 818	9 568
Sum bundne bankinnskott	4 814	9 568

Note 10 Eigenkapital

	Aksje- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2009	1 000	150 319	4 354	155 673
Eigenkapital 01.01.2010	1 000	150 319	4 354	155 673
Resultat dette året			8 810	8 810
Eigenkapital 31.12.2010	1 000	150 319	13 164	164 483

Føretakskapitalen på kr 1 000 000 er fordelt på 2 000 aksjer, kvar lydande på kr 500.
Helse Vest IKT AS er 100% eigd av Helse Vest RHF.

Note 11 Pensjonsforpliktning

	2010	2009
Oppsamla pensjonsforpliktning	-95 818	-79 987
Pensjonsmidlar	64 912	55 124
Netto pensjonsforpliktning	-30 906	-24 863
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforpliktelsar	-4 287	-3 448
Ikkje resultatført virkning av estimatavvik	13 611	-5 334
Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. AGA	-21 581	-22 978

Spesifikasjon av pensjonskostnaden	2010	2009
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	13 113	10 236
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	4 782	4 039
Brutto pensjonskostnad	17 896	14 275
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-3 398	-2 721
Administrasjonskostnader	631	499
Arbeidsgjevaravgift	2 102	1 672
Resultatført planendring	-6 377	-
Netto pensjonskostnad inkl. AGA	10 854	13 725

Økonomiske føresetnader:	2010	2009
Årleg fortjeneste	5,40 %	5,70 %
Diskonteringsrente	4,60 %	5,50 %
Uttak AFP etter erfaring	20-60 %	20-60 %
Årleg vekst i lønn	4,00 %	4,25 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,75 %	4,00 %
Talet på personar med i ordninga	224	201

Stortinget vedtok "Lov om endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser og i enkelte andre lover (oppfølging av avtale om tjenestepensjon og AFP i offentlig sektor i tariffoppgjøret 2009)" den 25. juni 2010. Det er særleg to høve i desse endringane som påverkar nivået på de berekna pensjonskostnadene for 2010: 1) Lågare regulering av alderspensjon, frå G-regulering tidlegare til regulering svarande til «G - 0,75 pst.», og 2) effekten av justering av levealder for årskulla 1953 og tidlegare som følgje av auka levealder. Effektane for seinare årskull av levealdersjustering mb. vil bli vurdert seinare. Norsk regnskapsstiftelse har i sin uttale lagt til grunn at den verknaden på rekneskapa skal takast når hendinga har skjedd, det vil seie når endringane er vedteke. Det er derfor teke omsyn til dei vedtekte planendringane i rekneskapa for 2010 med den konsekvens at pensjonskostnadane for Helse Vest IKT AS blei redusert frå 17,2 millionar kroner til 10,8 millionar kroner. Ein reduksjon på 6,4 millionar kroner.

Note 12 Andre forpliktingar

	2010	2009
Investeringstilskott	2 000	2 500
Sum avsetjing for forpliktingar	2 000	2 500

Note 13 Anna kortsiktig gjeld

	2010	2009
Leverandørgjeld	50 878	46 017
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	13 758	13 260
Lønn	-	-
Feriepengar	11 816	9 694
Oppsamla kostnad og inntekt betalt på førehand	15 020	21 230
Ikkje opptent inntekt	-	-
Avsetjing for forpliktingar	14 098	4 257
Anna kortsiktig gjeld	-	-
Sum kortsiktig gjeld	105 571	94 459

Note 14 Mellomværende med føretak i same konsern

Føretak	Kortsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	5 435	-12 235	-336 637
Apoteka Vest HF	1 173	0	0
Helse Bergen HF	5 441	-1 287	0
Helse Stavanger HF	6 183	-132	0
Helse Fonna HF	1 099	-52	0
Helse Førde HF	2 241	-51	0
Sum	21 572	-13 758	-336 637

Til generalforsamlinga i Helse Vest IKT

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Helse Vest IKT AS, som er samansett av balanse per 31. desember 2010, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og administrerande direktør sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og administrerande direktør er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og administrerande direktør finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen. Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Helse Vest IKT AS per 31. desember 2010 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at styret og administrerende direktør har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Stavanger, 23. mars 2011

ERNST & YOUNG AS



Nicolai Homme

statsautorisert revisor